



Stranda Kulturskule



Informasjon
om tilboda
skuleåret
2020 - 2021

Info om tilboda

Stranda Kulturskule tilbyr opplæring innan ulike musikkfag i alle skulekrinsane i kommunen. Opplæringa går i hovudsak føre seg etter vanleg skuletid. I Stranda sentrum har vi egne lokale i Storfjord Kulturhus. Me-steparten av undervisninga til elevar frå Ringstad krins er lagt hit. Vi har tilbod i alle skulekrinsane. Elevar frå Liabygda som går på grunnskulen i Valldal, bør søkje om elevplass gjennom Fjord Kulturskule.

I tillegg til den vanlege instrumentalopplæringa har vi i sentrumskrinsen fleire gruppetilbod.

Tilboda i kulturskulen vert tilpassa den enkelte elev. Dei fleste elevane vil få tilbod om enkeltundervisning. For enkelte deler av undervisninga kan det vere aktuelt å bruke minigrupper på 2-3 elevar saman. Ein elevplass i kulturskulen gjev ikkje rett til eit visst antal minutt undervisning pr. elev pr. veke. Vi vil individuelt tilpasse tilbodet til eleven og legge opp ein god miks av enkeltttimar, samspel i ulike grupper og konsertar/framføringar. Vi legg stor vekt på at elevane våre skal få god og allsidig trening i å opptre for eit publikum.

Vi har sett opp rettleiande aldersgrenser på ein del av tilboda våre. Yngre barn kan likevel søkje på desse instrumenta, men vil berre verte tekne opp etter ei nærare vurdering. Kulturskulen har feler i barnestorleikar for utleige. Andre instrument er noko kvar enkelt elev må styte for sjølv.

Spesialisering/Utvida speletid er tenkt til elevar som har spelt nokre år og som kan tenkje å øve meir enn dei andre. Det kan søkjast om spesialisering på alle individuelle fag. "Spesialisering 30" gir 30 minutt speletid pr. veke. "Spesialisering 45" er eit tilbod for særleg ivrige elevar. Opptak på tilbodet krev at læraren din skriv ei tilråding. Du vil då få minimum 45 minutt speletid kvar veke, eit utvida og variert samspeltilbod. For meir informasjon ta kontakt med kulturskulen.



Nye tilbod/fag

"Film og sosiale medier" er eit heilt nytt tilbod. Tilbodet har aldersgrense på 13år. Dette vert eksprienteilt og nyskapande. Elevane vil lære om korleis dei kan utnytte sosiale medier/internett og mulighetene der. Vi vil arbeide med farane ved overeksponering og evt. utnytting via digitale tenester. Vi vil legge opp til sikker nettbruk og nettvett. Vi legg opp til at undervisninga heilt, eller delvis, vil foregå på nettet. Det vil difor vere mogleg å vere "digital elev" på dette tilbodet. Vi vil arbeide med film og foto- og presentasjonsmedier i kombinasjon med sosiale media og andre rom i det digitale universet som t.d. Instagram, TikTok m.m. Tilbodet er ope for elevar frå heile kommunen. Vi tek i mot søknader også frå elevar utanfor Stranda. Organisering og innhald i tilbodet er enno ikkje klart.

"Stranda Barnekor" vart starta opp hausten 2019. Koret har hatt ca. 15 medlemmer i skuleåret 2019-20, men det er god plass til fleire. Koret er ope for både gitar og jenter.

"Teater/Drama": Skuleåret 2019-2020 starta vi opp våre to første teaterklasser. Vi ynskjer å vidareføre tilbodet også komande skuleår. Aldersgrense for tilbodet er 4.klasse.

Digitale tilbod

Gjennom Korona-stenginga våren 2020 har vi oppdaga nettet som undervisningsarena. Dei fleste av våre individuelle tilbod kan difor bli gitt som ein kombinasjon av fysisk oppmøte og digital undervisning. Dette gjeld først og fremst for elevar frå dei ytre krinsane som ynskjer opplæring på eit instrument vi ikkje har lærar til i den **aktuelle** krinsen. (t.d. treblås i Geiranger). Elevane må då møte fysisk i Stranda enkelte veker og vil få resten av timane gjennom digitale løysingar.

sida.

Oversikt over tilboda

Detaljert innhald og omfang i faga finn de på Speedadmin. På enklete instrument er det i tillegg fleire ulike alternativ å velge mellom.

Om de ynskjer andre tilbod enn dei vi pr. i dag kan tilby, så kontakt oss. Kanskje vi likevel kan tilby det nettopp det DU ynskjer?

Tilbod	Krins/ Alder	Tilbod	Krins/ alder	Tilbod	Krins/ alder
Piano/keyboard	Alle/alle	Kassegitar - fleire ulike valg	Alle/ 4.klasse	El-gitar	Alle/ 4.klasse
Ukulele	Alle/alle	Bassgitar	Alle/ 4.klasse	Fiolin	Alle
Song	Stranda/4.kl	Samspelverkstad	Stranda/ Sunnylven	Kyrkjeorgel	Alle/ 4.klasse
Messingblås (alle instrument)	Alle/4.klasse	Treblås (Alle instrument)	Alle/ 4.klasse	Slagverk	Stranda/ Sunnylven/4.klasse
Kulturell Førskule	Stranda/ 1.-2.klasse	Dans	Alle	Korpsaspirant (bet. av korpsa)	Stranda/ Sunnylven/ 4.klasse
Nye Tilbod - Tilbod vi ynskjer å starte					
Teater/drama	Stranda/ 4.klasse -->	Foto	Stranda/ 6.klasse -->	Barnekor	3.-7.klasse
Bildefag	Stranda/4.klasse	Film og sosiale medier	fyllt 13 år		
Digitale tilbod					
Film og sosiale medier	fyllt 13 år. Ope for søkjarar frå heile landet.		Instrumentalevear kan få delar av opplæringsa som digital fjernundervisning.		

Dans

Kode	Gruppenamn	Aldersgruppe	Elevar pr. gruppe	Tid pr. veke
JB	Juniorballett	4-5 år	8-10	50 min
B1/B2	Ballett 1*	1. - 2. kl/3.-5.kl	8-15	50 min
ML J	Moderne/Latin/Jazz Jr./1/2*	1. - 2. kl/3.-4./5.--->	8 - 15	50 min
HH/S 1	HipHop/Street 1/2	4. - 7.kl/8.-10.kl	8 - 15	50 min
HH/S G	HipHop/Street for Gitar	4. - 7.klasse	8 - 15	50 min
EKST	Dans - EKSTRA**	5.kl -->	6-10	50min
DG	Dans Geiranger		8 - 15	50 min
DS	Dans Sunnylven		8 - 15	50 min
ML V	Moderne/Latino for vaksne	eldre enn 16 år	10 - 20	90 - 120 min

ATTERHALD: For at dei ulike dansegruppene skal verte starta vil vi vere avhengig av nok påmelde og tilgang på kvalifiserte lærekrefter. Det er mogleg å melde seg på danseklasser i fleire stilartar.

* Tilbod til 1. og 2. klasse vert forsøkt lagt til Ringstad Skule i SFO-tida til elevane. Tilbod til 3.klasse og eldre vert lagt anten på Ringstad Skule eller til Kulturhuset. Tilbod til Førskulegruppa (4 - 5år) vert lagt til sein ettermiddag.

**Dans EKSTRA er eit tilbod til dei som ynskjer "litt meir" og som ynskjer at det vert stillt litt strengare krav enn i dei opne klassene.

Søknad om opptak

Alle som vil søkje om opptak i Stranda Kulturskule må søkje om opptak via det elektroniske søknadsskjemaet på (trykkbar lenkje i pdf-dokument)

<https://NOSTRANDA.speedadmin.dk>

Eksisterande eller tidlegare elevar som vil søkje om opptak på eit nytt fag, må logge seg på SpeedAdmin. De kan no bruke ID-Porten/BankID for å logge på. Nye søkjarar brukar valet "Ny Elev" når de skal søkje.

På det elektroniske søknadsskjemaet finn de detaljert informasjon om dei ulike tilboda i Stranda Kulturskule. Denne informasjonen er også delvis tilgjengelig på engelsk. De finn også utfyllande regelverk og retningslinjer for opptak.

Prisar:

For skuleåret 2020-2021 er det vedtatt følgjande prisar i kulturskulen. Alle prisane er pr. halvår.

Vanleg elevplass	kr.1750-
Spesialisering (min.30.-45min)	kr. 2750- - 3825,-
Storgruppeundervisning/dans	kr. 1500,-
Barnekor**	kr. 1175.-
Kulturell førskule	kr. 1175.-
Tilbod til førskuleborn (dans)	kr. 1125,-
Tilbod til vaksne*	kr. 1550,-
Instrumentleige	kr. 335,-
Materialavgift - ***	Kan bli innført avgift ved behov i enkelte fag.

Søskenrabatt: 20% frå 2. elevplass i familien.(gjeld berre for søsken, ikkje for elevar med fleire elevplassar eller på vaksenklassene)

* Prisen på tilbod til vaksne er rettleiande for tilbod med inntil 1t pr. veke. Nøyaktig pris for ulike tilbod vert basert på denne prisen, men tilrettelagt leksjonslengde og innhald i dei ulike tilboda.

** Songelevar i Kulturskulen får tilbodet om barnekor til 50% rabatt. Anre elevar i kulturskulen får 25% rabatt. Denne rabatten kan ikkje kombinerast med søskenmoderasjon.

*** Det kan vere altuelt å innføre materialavgift i fag som t.d. bildefag, teater, foto o.l. Materialavifta vil blir rekna ut frå reelle utgifter til forbruks- og personleg materiell og samsvarar med noteutgifter til musikkelevar.

Elevar på musikkfag må rekne med å kjøpe spelebøker og anna undervisningsmateriell i tillegg til semesteravgifta.

Elevar i dansefaget må rekne med å kjøpe nødvendig klede/sko for det dansekurset dei er påmeldt.

Satsane kan verte indeksregulerte frå 1.1.2021. Andre endringar kan kome som følgje av politiske vedtak.

Avgifta vert krevd inn haust og vår. Undervisningsmateriell og personleg utstyr kjem i tillegg.



Søknadsfrist 20. mai 2020

Søkjarar som søker innan fristen vert prioritert ved opptak

Kontakt Stranda Kulturskule:

e-post: kulturskulen@stranda.kommune.no

telefon: 464 11 055

Lik gjerne Stranda Kulturskule si side på facebook.

<http://www.facebook.com/kulturskulen>.